

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
Dato:	02.05.2017
Tid:	10:00


Det vert med dette kalla inn til møte i Yrkesopplæringsnemnda.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Til dette møte har Anne Gine Hestetun meldt forfall. John Helge Gullaksen stiller som vara.

Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av nemnda sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall.



Tom Knudsen
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 24/17	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 25/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 18.04.2017	2017/623	
PS 26/17	Referatsaker (meldingar)		
PS 27/17	Lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune	2016/4238	
PS 28/17	Høyring – forslag om overgang frå Vg1 studiespesialiserande til yrkesfaglege programområde på Vg 2.	2017/3318	
PS 29/17	Prosjektet "auka gjennomføring- fleire ut i lære"	2017/1228	
PS 30/17	Ymse		

PS 24/17 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2017/623-6
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	25/17	02.05.2017

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 18.04.2017

Forslag til avgjerd

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 18.04.2017 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: 616, 6. etg., Fylkeshuset
Dato: 18.04.2017
Tidspunkt: 14:00 – 15:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Tom Knudsen	Leiar	NHO
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	Lærlingerepr.

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Roger Pilskog	Medlem	LO
Rita Jordal	Medlem	LO
Lisa Nord Hopland	Medlem	Lærlingerepr. vara

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tor André Ljosland	Anne Gine Hestetun	KRF
Atle Wedaa	Rita Jordal	LO

Merknader

Utvalsleiar Emil Gadolin var med på møtet

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsjef
Nils Skavhellen	Inntaksleiar
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 18/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 19/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 20/17	Referatsaker (meldingar)		
PS 21/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 09.03.2017	2017/623	
PS 22/17	Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2017/2018	2017/2923	
PS 23/17	Ymse		

PS 18/17 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 18.04.2017

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

PS 19/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 18.04.2017

Vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 09.03.2017 vart tatt til orientering.

PS 20/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 18.04.2017

Vedtak

Det var ingen referatsaker til møtet.

PS 21/17 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 09.03.2017

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 09.03.2017 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 18.04.2017

Vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 09.03.2017 vart tatt til orientering.

PS 22/17 Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2017/2018

Forslag til innstilling

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir **lagt ned** frå skuleåret 2017/18:

Fitjar vidaregåande skule	Vg2 Interiør og utstillingsdesign
Fitjar vidaregåande skule	Vg3 Interiør
Rubbestadnes vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Odda vidaregåande skule	Vg2 Byggteknikk
Øystese gymnas/Norheimsund vidaregåande skule	Vg2 Kjøretøy
Voss vidaregåande skule	Vg3 Landbruk
Askøy videregående skole	Vg2 Industriteknologi
Askøy videregående skole	Vg2 Data og elektronikk
Osterøy vidaregåande skule ungdomsarbeidarfag	Vg2 Barne- og
Sotra vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Knarvik vidaregåande skule	Vg2 Interiør og utstillingsdesign

2. Følgjande programområde blir **oppretta** frå skuleåret 2017/18:

Bergen maritime videregående skole Vg3 Skipselektrikar

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette innføringsklassar ved fleire skular i Hordaland dersom det viser seg at det blir behov for dette i løpet av våren/sommaren 2017
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje ned innføringsklassar ved skular utanfor Bergensområdet dersom det viser seg at elevgrunnlaget blir for lite før skulestart.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 18.04.2017

Roger Pilskog/Tom Knudsen sette fram følgjande forslag på vegne av LO/NHO:

«Y-nemnda slutter seg til innstillingen, og fremmer i tillegg følgende:

1. Y-nemnda konstaterer at en har stort fokus på elevenes ønske og ungdomsrett, mens en etter y-nemndas vurdering har mindre fokus på antall læreplasser.
2. Y-nemnda ber om at det utarbeides en oversikt over elevenes ønsker i forhold til antall læreplasser.
Y-nemnda ber om at det etableres en «beredskap» der hvor antall læreplasser nedjusteres i forhold til konjunktursituasjonen, slik at en kan øke når konjunktorene endres.
3. Y-nemnda er opptatt av at elevenes ønsker står i forhold til antatt tilgjengelige læreplasser. Der hvor det er vesentlig forskjell, og sannsynlighet for VG3-klasser, bes søkerne underrettet om dette, samt opplyses om i hvilke fag det er læreplasser og etterspørsel.

4. Y-nemnda er opptatt av at elevene skal få læreplass og at en unngår VG3-klasser. Y-nemnda ber om at det iverksettes tiltak som ivaretar dette, og at en kommer tilbake til Y-nemnda med konkrete tiltak. OPHE bes følge opp dette.
5. Y-nemnda er opptatt av at når en skal justere klasser innen utdanningsprogram for å matche antall læreplasser, så må en starte i VG1, og samtidig legge til grunn kvalitet og fullførte løp i forhold til den enkelte skole. OPHE bes følge opp dette.

Oversendelse:

Y-nemnda viser til vedlagte brev datert 03.04.17 vedrørende rekruttering til yrkessjåfør – buss, og ber om at dette ivaretas.»

Røysting

Pilskog/Knudsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda :

Y-nemnda slutter seg til innstillingen, og fremmer i tillegg følgende:

1. Y-nemnda konstaterer at en har stort fokus på elevenes ønske og ungdomsrett, mens en etter y-nemndas vurdering har mindre fokus på antall læreplasser.
2. Y-nemnda ber om at det utarbeides en oversikt over elevenes ønsker i forhold til antall læreplasser.
Y-nemnda ber om at det etableres en «beredskap» der hvor antall læreplasser nedjusteres i forhold til konjunktursituasjonen, slik at en kan øke når konjunkturane endres.
3. Y-nemnda er opptatt av at elevenes ønsker står i forhold til antatt tilgjengelige læreplasser. Der hvor det er vesentlig forskjell, og sannsynlighet for VG3-klasser, bes søkerne underrettet om dette, samt opplyses om i hvilke fag det er læreplasser og etterspørsel.
4. Y-nemnda er opptatt av at elevene skal få læreplass og at en unngår VG3-klasser. Y-nemnda ber om at det iverksettes tiltak som ivaretar dette, og at en kommer tilbake til Y-nemnda med konkrete tiltak. OPHE bes følge opp dette.
5. Y-nemnda er opptatt av at når en skal justere klasser innen utdanningsprogram for å matche antall læreplasser, så må en starte i VG1, og samtidig legge til grunn kvalitet og fullførte løp i forhold til den enkelte skole. OPHE bes følge opp dette.

Oversendelse:

Y-nemnda viser til vedlagte brev datert 03.04.17 vedrørende rekruttering til yrkessjåfør – buss, og ber om at dette ivaretas.

PS 23/17 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 18.04.2017

Det var ingen saker under ymse.

PS 26/17 Referatsaker (meldingar)



Arkivnr: 2016/4238-12
Saksbehandlar: Gerd Kjersti Ytre-Arne

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	27/17	02.05.2017
Utval for opplæring og helse		09.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

Lokal forskrift for fag- og timefordeling innan helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg videregående skole

Samandrag

Den vidaregåande opplæringa skal vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet og den fastsette tilbudsstrukturen. På bakgrunn av Meld. St.20 (2012-13 frå Kunnskapsdepartementet) er det gitt rom for den enkelte fylkeskommune å fråvike fag- og timefordelinga for å leggje til rette for meir tilpassa tilbod for ulike elevgrupper. Føresegna gir fylkeskommunen myndigheit til å leggje enkelte fag på andre trinn enn det som er fastsett i fag- og timefordelinga. Hordaland fylkeskommune har etter søknad frå Nordahl Grieg videregående skole utarbeidd lokal forskrift til eit opplæringsløp med alternativ fag- og timefordeling; 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag. Forskrifta er utarbeidd i samsvar med kapittel 7 i forvaltningslova.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg videregående skole.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Forskrift om fleksibilitet i dag - vedlegg

Fylkesrådmannen, 04.04.2017

«Fleksibilitet i fag- og timefordelinga» gir fylkeskommunen myndigheit til å leggje fag på andre trinn enn det som er fastsett i fag- og timefordelinga. Endringa i fag- og timefordelinga må fastsetjast i eiga forskrift og følgje formkrav i forvaltningslova når det gjeld utgreiing, varsling, høyring og kunngjering.

Føresegner i forskrift som opnar for endringar i fag- og timefordeling

Forskrift til opplæringslova § 1-3.

Skuleeigaren kan leggje fag på andre trinn enn det som er fastsett i fag- og timefordelinga. Skuleeigaren gir forskrifter der det kjem fram på kva trinn dei ulike faga skal liggje. Fag- og timefordelinga må sikre progresjonen i faga og at den vidaregåande opplæringa samla sett følgjer ordinær opplæringstid. Skuleeigarar som gir forskrifter om endra fag- og timefordeling, må òg tilby den ordinære fag- og timefordelinga.

Den nasjonale fag- og timefordelinga i Kunnskapsløftet har status som forskrift, og informasjon om fag- og timefordeling finn ein i rundskriv Udir-1-2015. Det er fylkeskommunen ved skuleeiger, ikkje kvar einskild skule, som fastset den alternative fag- og timefordelinga i form av ei lokal forskrift.

Det er etter søknad frå Nordahl Grieg vidaregåande skole blitt utarbeidd ei lokal forskrift til eit opplæringsløp med alternativ fag- og timefordeling, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag. Det går fram av den lokale forskrifta kva for fag som ligg på Vg1, Vg2 eller Vg3. Den samla fag- og timefordelinga for Vg1, Vg2 og Vg3 er i tråd med tilbodsstrukturen og lik den nasjonale fag- og timefordelinga for utdanningsprogrammet og programområdet. Fylkesrådmannen har tatt omsyn til kravet om å ta vare på elevane sine behov for eventuelt omval til ordinært opplæringsløp ved andre vidaregåande skular i fylket.

Den lokale forskrifta svarer på alle krav innan opplæringslova og forvaltningslova med tilhøyrande føresegner og forskrifter. Dette vil seie at forskrifta tar for seg rettane som elevane har til

- korrekt fag- og timefordeling i opplæringsløpet
- riktig progresjon i faga
- inntak og eventuelt omval (forskrift til opplæringslova kap. 6)
- eksamensfag og –trekk (Rundskriv Udir-1-2009)
- dokumentasjon til generell studiekompetanse.

Informasjon til elevar og føresette

Fylkesrådmannen ser til at skulen har god informasjon og nødvendig utdannings- og yrkesretteleing til elevar og føresette som ønskjer å nytte seg av alternativ fag- og timefordeling innan utdanningsprogrammet *Helse- og oppvekst*. Det er viktig for fylkesrådmannen at elevar og føresette er informert om eventuelle konsekvensar av dette valet. Fylkesrådmannen vil leggje til rette for at elevar som byter skule i opplæringsløpet får tilbod om å ta dei faga dei eventuelt manglar for å få vitnemål. Mottakararkulane i fylkeskommunen må i desse tilfella gi eleven opplæring i fag som han/ho manglar, og eventuelt kan eleven få ein avtale om at han/ho kan ta faget som privatist. Dersom ein elev flyttar til ein annan fylkeskommune i opplæringsløpet, vil mottakar fylket vere tilsvarande ansvarleg for at elevene får dei faga dei manglar.

Den lokale forskrifta er utarbeidd i samsvar med krava i forvaltningslova kapittel 7. Det vil seie at krava til utgreiing, høyringar og andre formkrav er følgd. Saka er også blitt førehandsvarsla til partane gjennom ei skriftleg høyring etter krav i forvaltningslova § 37 høyring. Innhaldet i høyringa er utkastet til lokal forskrift og heimelsgrunnlaget for fastsetting av lokale forskrifter.

Høyring

Høyringsinstansar til lokal forskrift er alle dei vidaregåande skulane i fylket, Elevorganisasjonen og dei tilsette sine organisasjonar ved hovudtillitsvalde. Då fristen gjekk ut, var det kome høyringssvar frå:

Utdanningsforbundet i Hordaland

Fitjar vidaregåande skule
Fyllingsdalen vidaregåande skole
Voss gymnas

Dei fleste av skulane og Utdanningsforbundet i Hordaland var positive til at det vert oppretta tilbod innanfor utdanningsprogrammet HO som kombinerer teori og praksis både for Helsearbeiderfaget og for Barne- og ungdomsarbeiderfaget.

Det var likevel ein del kommentarar som gjeld rettane til elevane ved omval, og at det var mottakaraskulen sitt ansvar at desse elevane får den fagkombinasjonen dei skal ha. Det var også ein skule som kommenterte at eit slikt tilbod kan gje mindre status til den yrkesfaglege utdanninga.

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen meiner at det alternative opplæringsløpet med endra fag- og timefordeling mellom trinna gir elevgruppa som ønskjer det, eit attraktivt tilbod med meir tilpassa og motiverande opplæring innan utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag. Fylkeskommunen har ivaretatt rettane til elevane gjennom den lokale forskrifta i tråd med dei fastsette krava. Fylkesrådmannen tilrår at den lokale forskrifta blir vedtatt.

Lokal forskrift vil bli kunngjort i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningslova § 38, snarast mogleg etter at den er fastsett.

Forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i videregående opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg videregående skole.

Kapittel 1. Formål og virkeområde

§ 1. Formål

Gi elevar tilbod om eit 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg videregående skole.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld alternativ fag- og timefordeling for utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg videregående skole.

§ 3. Virketid

Forskrifta gjeld for elevar som blir tatt inn på utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg videregående skole hausten 2017.

§ 4. Elevane skal ha følgande fag- og timefordeling

Helsearbeidarfag				Barne- og ungdomsarbeider			
	Vg1	Vg2	Vg3		Vg1	Vg2	Vg3
Helsefremmande arbeid	197	197	0	Helsefremmande arbeid	197	140	0
Kommunikasjon og samhandling	140	140	0	Kommunikasjon og samhandling	140	140	0
Yrkesutøving	140	0	140	Yrkesutøving	140	0	197
Norsk	113	112	168	Norsk	113	112	168
Naturfag	0	140	0	Naturfag	0	140	0
Matematikk	84	140	0	Matematikk	84	140	0
Engelsk	0	140	0	Engelsk	0	140	0
Yrkesfagleg fordjuping	168	0	253	Yrkesfagleg fordjuping	168	0	253
Kroppsøving	56	56	56	Kroppsøving	56	56	56
Samfunnsfag	0	0	84	Samfunnsfag	0	0	84
Historie	0	0	140	Historie	0	0	140
Vald programfag ST	0	0	140	Vald programfag ST	0	0	140
Totalt tal på timar	898	925	981	Totalt tal på timar	898	868	1038
Totalt over 3 år			2804				2804

Opplæringsløpet inneber at følgande fag er blitt flytta:

- Norsk er lagt til Vg1, Vg2 og Vg3 og følgjer den studieførebuande modellen.
- Matematikk er lagt til Vg1 og Vg2 og følgjer den studieførebuande modellen.
- Samfunnsfag er flytta frå Vg2 til Vg3. Naturfag er lagt til Vg2. Engelsk er lagt til Vg2.
- Felles programfag yrkesutøving er lagt til Vg1 og Vg3. Yrkesfagleg fordjuping er lagt til Vg1 og Vg3.

§ 5 Nasjonale krav til den endra fag- og timefordelinga

Den samla fag- og timefordelinga for Vg1, Vg2 og Vg3 skal vere lik den nasjonale fag- og timefordelinga for eit gitt utdanningsprogram og programområde, og skal vere i samsvar med læreplanverket, inkludert læreplanar for fag, og minstetimetallet i fag. Faga må bli tatt i den rekkefølga som går fram av læreplanen, i tråd med progresjonen i faget.

§ 6 Overgang til andre utdanningsløp

Eleven kan søke seg til eit ordinært tilbod. Ved eit slikt byte må eleven ta eventuelle fag som han/ho manglar for å få vitnemål. Ved byte av skule i Hordaland fylkeskommune har mottakarskulen ansvaret for at eleven får faga eleven manglar. Dersom eleven ønskjer det, kan mottakarskulen inngå ein avtale med eleven om at han/ho tar faget som privatist.

I Bergen og i omlandet rundt er det i skuleåret 2017/2018 tilbod om ordinære yrkesfaglege løp innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved:

- Nordahl Grieg videregående skole
- Slåtthaug videregående skole
- Askøy videregående skole
- Åsane videregående skole
- Os videregående skule
- Olsvikåsen videregående skole
- Sotra videregående skule

Åsane videregående skole tilbyr ikkje helsearbeiderfag (HEA) og barne- og ungdomsarbeidarfag (BUA). Dei resterande skulane på lista tilbyr både HEA og BUA.

- ~~Nordahl Grieg videregående skole~~
- ~~Slåtthaug videregående skole~~
- ~~Askøy videregående skole~~
- ~~Åsane videregående skole~~
- ~~Os videregående skule~~
- ~~Olsvikåsen videregående skole~~
- ~~Sotra videregående skule~~

~~Åsane videregående skole tilbyr ikkje Helsearbeiderfag (HEA) og Barne- og ungdomsarbeidarfag (BUA). Dei resterande skulane på lista tilbyr både HEA og BUA.~~

§ 7 Den endra fag- og timefordelinga skal følgje trekkordninga for eksamen

Trekkordninga for eksamen gjeld også for elevar som følgjer ein alternativ fag- og timefordeling. Gjennomføring av eksamen ser slik ut:

Eksamen Vg1:

- Matematikk skriftleg/munnleg trekkfag

Eksamen Vg2:

- Matematikk skriftleg/munnleg trekkfag
- Naturfag munnleg trekkfag
- Engelsk skriftleg/munnleg trekkfag

Eksamen Vg3:

- Tverrfagleg praktisk eksamen
- Samfunnsfag munnleg trekkfag
- Norsk hovudmål obligatorisk og sidemål trekkfag
- Ein skriftleg eksamen, faget vert trekt

- Ein munnleg eksamen, faget vert trekt

Tverrfagleg praktisk eksamen vert lagt til Vg3. Helsefremmande arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesutøving inngår i eksamen. Helsefremmande arbeid og kommunikasjon og samhandling er avsluttande fag på Vg2, men kompetansen blir vedlikehalden gjennom faga yrkesutøving og yrkesfagleg fordjuping som begge er fag på Vg3. Det er derfor ikkje eit fagleg problem å avvikle tverrfagleg eksamen på Vg3.

Kapittel 3 Søknad om inntak til Vg1 og opptak til Vg2/Vg3

§ 8 Inntak til Vg1 i opplæringa med alternativ fag- og timefordeling

Vilkår for inntak følgjer opplæringslova kap. 6, jf. forskrift til opplæringslova § 6-13

§ 9 Opptak til Vg2 og Vg3

For opptak til Vg2/Vg3 må søkeren ha bestått alle faga på lågare nivå i tråd med den fastsette alternative fag- og timefordelinga, jf. § 6-28 i forskrift til opplæringslova. Elevar som ikkje har bestått alle faga på Vg1 eller Vg2, kan likevel bli flytta opp til neste nivå dersom fylkeskommunen etter ei samla vurdering finn det forsvarleg, jf. § 6-37 i forskrifta.

Kapittel 4 Iverksetting

§ 10 Iverksetting

Den lokale forskrifta trer i kraft 1. august 2017.



Arkivnr: 2017/3318-1
Saksbehandlar: Gerd Kjersti Ytre-Arne

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	28/17	02.05.2017
Utval for opplæring og helse		09.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

Høyring – forslag om overgang frå Vg1 studiespesialiserande til yrkesfaglege programområde på Vg 2

Samandrag

Kunnskapsdepartementet har i oppdragsbrev 19-16 bede Utdanningsdirektoratet om å utvikle ein modell for overgang frå studiespesialiserande til yrkesfagleg utdanningsprogram i tråd med intensjonane i Meld St. 20 (2012-13) *På rett vei*.

Utdanningsdirektoratet foreslår å endre tilbudsstrukturen i vidaregåande opplæring slik at det vert mogleg for elevar frå Vg1 studiespesialiserande å gå over til yrkesfaglege programområde på Vg2, og samtidig fullføre opplæringa på normert tid. Ordninga skal organiserast som kryssløp.

Utdanningsdirektoratet foreslår å lage eit nytt fag på 196 timar med namn *Yrkesfagleg opphenting*. I tillegg til dette faget skal eleven følgje opplæringa på Vg2 i programfag, yrkesfagleg fordjuping og kroppsøving.

Utdanningsdirektoratet foreslår også at det vert laga nasjonale rammer for lokalt arbeid med læreplanar og for organisering av opplæringa.

Høyringsfristen er 24. mai 2017.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at eit kryssløp frå Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram til Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram vil vere ei god ordning for elevane. Det vil gjere at mange av dei elevane som ønskjer å ta yrkesfag no får eit høve til dette utan at dei må starte på nytt på Vg1. Dette er elevar som har bestemt seg for eit yrkesfag og for læretid i bedrift. Dersom tilbodet blir dimensjonert ut frå kor vi har for lite elevar i forhold til læreplassar, vil eit slikt høve gjere at fleire kjem ut i lære.
2. Fylkesutvalet meiner at framlegget til fag- og timefordeling er akseptabelt.
3. Fylkesutvalet støttar at det nye faget får namnet yrkesfagleg opphenting.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at det vert fastsett nasjonale rammer med forskriftstatus der elevar som har fullført Vg1 studiespesialisering, kan søkje direkte til alle dei yrkesfaglege programområda på Vg2.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Høyringsuttale.

- 1 Høyring – forslag om overgang frå Vg1 studiespesialiserande til yrkesfaglege programområde på Vg 2.

Fylkesrådmannen, 19.04.2017

Bakgrunn:

Det er i dag ikkje generell tilgang for elevar i studiespesialiserande utdanningsprogram til å gå over til yrkesfaglege utdanningsprogram utan å gjere omval, slik elevar frå yrkesfag kan gjere gjennom Vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

I Meld. St. 20 skriv Kunnskapsdepartementet at «strukturen på videregående opplæring bør være så fleksibel at elevar på studieforbereidende utdanningsprogram kan få mulighet til å velge seg over til et yrkesfaglig utdanningsprogram». Departementet viser til tilbudet om Vg3 påbygging til generell studiekompetanse og skriv vidare at «det er ingen grunn til at bare elevar på yrkesfag skal ha mulighet til å velge overgang uten å tape tid».

Forslag til endring

Utdanningsdirektoratet foreslår at elevar som har gjennomført Vg1 studiespesialiserande skal kunne søkje seg direkte til yrkesfaglege programområde på Vg2. Desse elevane har fullført kravet til fellesfag for Vg2 på yrkesfag, og det frigjer 196 timar til opphenting av programfag frå Vg1. Elevar frå dei andre studiespesialiserande utdanningsprogramma har ikkje samfunnsfag på Vg1, og dei vil dermed berre ha 112 timar til å hente opp programfag. Dette meiner utdanningsdirektoratet er for lite til å hente opp den kompetansen dei manglar.

Utdanningsdirektoratet foreslår vidare at ordninga vert innført som eit kryssløp. Det vil seie at elevar kan søkje seg frå Vg1 studiespesialiserande til eit aktuelt Vg2-tilbod. Elevar som søkjer seg frå Vg1 studiespesialiserande til VG2 innan eit yrkesfagleg utdanningsprogram, har fleire programområde å velje mellom enn elevane frå Vg1 yrkesfag.

Kommentar

I Hordaland har vi dei siste åra hatt om lag 90 elevar som ønskjer å gå frå studiespesialiserande utdanningsprogram over til eit yrkesfagleg løp. Vi ser at det er særleg tre yrkesfaglege utdanningsprogram som utmerkar seg; helse- og oppvekstfag (HO), elektrofag (EL) og teknikk og industriell produksjon (TIP). Søkjartala for 2017/2018 viser til dømes at det er 33 elevar som ønskjer å gå over til HO.

Utdanningsprogram	Tal på søkjarar 2017	Søkt seg til	Tal på søkjarar 2016	Merknad
Helse- og oppvekstfag	33	VG1	21	
Teknikk og ind. produksjon	21	VG1	10	
Elektrofag	13	VG1	22	
Bygg- og anleggsteknikk	9	VG1	8	
Naturbruk	7	VG1	2	
IKT-servicefag	7	VG2	2	godkjent kryssløp i dag
Service og samferdsel	5	VG1	6	

Dersom overgang frå studiespesialiserande til yrkesfag vert innført som eit kryssløp, som er ein lettare veg, er det nærliggande å tru at talet vil auke. Elevar som nyttar dette kryssløpet vil både få fleire moglege val av programområde på Vg2 yrkesfag, og dei vil kunne få eit år ekstra til å tenkje på kva retning dei skal velje. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å sjå på dimensjonering av faget, og at det er nok læreplassar når eleven er ferdig med Vg2. I Hordaland er det ein underkapasitet på læreplassar innan EL og TIP, medan det er for få søkjarar som ønskjer å ta fagbrev innan ein del av programområda i HO og BA.

Eitt av argumenta i høyringa for å innføre dette kryssløpet er at det er mogleg for ein elev på yrkesfag å ta studiespesialiserande påbyggingskurs og oppnå studiekompetanse etter tre år, medan det berre har vore IKT og laboratoriefaget som har vore organisert som eit kryssløp for elevar på studiespesialiserande. Ein elev frå yrkesfag som tek påbyggingskurset, endar opp med studiekompetanse og er kvalifisert til å ta høgare utdanning. Ein elev frå Vg1 studiespesialiserande som tek kryssløp til yrkesfag, endar opp med ein yrkeskompetanse og er klar for å gå ut på arbeidsmarknaden. Det er altså stor skilnad på sluttkompetansen i desse to utdanningsløpa.

Lage eit nytt fag på 196 timar med namn Yrkesfagleg opphenting.

Bakgrunn

Når elevar går frå studiespesialiserande til yrkesfag, har dei ikkje fått opplæring i dei yrkesfaglege programfaga på Vg1, og dei vil mangle grunnleggjande kompetanse i yrkesfaget. Elevar som kjem frå Vg1 studiespesialiserande, har oppfylt krava til fellesfag for Vg2 yrkesfag. Det frigjer 196 timar.

Forslag

Utdanningsdirektoratet foreslår å lage eit nytt fag på 196 timar med namn *Yrkesfagleg opphenting*. Det er dei meste relevante kompetansemåla frå Vg1, dvs kompetansemål som er retta direkte inn mot det Vg2-tilbodet eleven har valt, som skal leggest inn i læreplanen for det nye faget.

Faglege utfordringar

For nokre programområde vil det ikkje vere problematisk for elevane å følgje opplæringa i programfaga på Vg2 utan å ha gått Vg1 i utdanningsprogrammet. For andre programområde er heile eller delar av opplæringa på Vg1 ein føresetnad for å kunne halde fram opplæringa på Vg2.

Vil det vere mogleg for desse elevane å tileigne seg tilstrekkeleg kompetanse frå Vg1 på godt under halvparten av ordinær opplæringstid? I nokre programområde er heile eller delar av opplæringa på Vg1 ein føresetnad for å kunne halde fram på Vg2 (t.d. verkstadarbeid, kjennskap til reiskapar mm). Manglande grunnkunnskapar kan i stor grad påverke eleven sitt arbeid med programfaga på Vg2.

Organisatoriske utfordringar

Ein og same skule kan risikere å få elevar i fleire programområde som skal ha yrkesfagleg opphenting. Dette vil bli ressurskrevjande sidan ein då må opprette fleire smågrupper i faget *Yrkesfagleg opphenting*. Ei løysing kan vere at fylket organiserer det slik at alle som søker kryssløp til t.d. Vg2 Elenergi, vert plasserte på ein bestemt skule. Det kan òg vere aktuelt å avgrense kor mange programområde fylket skal tilby eit slikt kryssløp i, t.d tilpassa tilgang på læreplassar.

Lage nasjonale rammer for lokalt arbeid med læreplanar og for organisering av opplæringa.

Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet forventar at dette vert ei ordning for enkeltelevar og ikkje grupper av elevar, slik at innhaldet i opplæringa må byggje på lokale løysingar. Skuleeigar (fylkeskommunen) vil få ansvar for at det vert utvikla lokal læreplan i faget *Yrkesfagleg opphenting*. Denne planen skal vise kva kompetansemål eleven skal hente opp frå Vg1 og korleis opplæringa skal organiserast.

Forslag

Utdanningsdirektoratet foreslår at det vert fastsett nasjonale rammer for utvikling av lokale læreplanar i faget. Dei nasjonale rammene skal ha forskriftsstatus. I dei nasjonale rammene foreslår direktoratet at det skal fastsetjast nasjonale krav for utvikling av lokal læreplan for eleven, reglar om sluttvurdering og forslag til mal for ein slik lokal læreplan.

Skulen og lokalt næringsliv bestemmer når og korleis eleven skal få opplæring i dei 196 timane, om dei skal fordelast jamt utover skuleåret eller periodiserast.

Kommentar:

Det skal lagast lokale læreplanar for faget *Yrkesfagleg opphenting*. Dette er skuleeigar sitt ansvar. Det er 8 yrkesfaglege utdanningsprogram på Vg1 og meir enn 50 ordinære programområde på Vg2. Når ein skal velje ut dei kompetansemåla frå Vg1 som er mest relevante for det Vg2-tilbodet eleven har valt, vert det mange ulike variantar av lokale læreplanar som må lagast.

Økonomi

Ved å innføre kryssløp er det naturleg å tru at færre elevar vil gjere omval. Det vil gje ei innsparing på utgifter til eit ekstra skuleår. Det er vanskeleg å forutsjå om kostnadene til lærarressursar til faget *Yrkesfagleg fordjuping* og til utvikling av lokale læreplanar vert større enn innsparingane. Utgiftene vil vere avhengige av kor stor spreiding det er i val av programområde på Vg2 for dei som gjer kryssløp.

Spørsmål som skal svarast på i høyringa:

Er dere enige i at ordningen skal gjelde for elever fra Vg1 studiespesialisering og ikke gjelde for elever fra de øvrige studieforbereðende utdanningsprogrammene?

Er dere enige i at ordningen organiseres som kryssløp i tilbudsstrukturen?

Er dere enige i fag- og timefordelingen for ordningen?

Er dere enige i at det nye faget på 196 årstimer får navnet yrkesfaglig opphenting?

Er dere enige i at vi fastsetter nasjonale rammer med forskriftstatus der elever som har fullført Vg1 studiespesialisering kan søke direkte til alle de yrkesfaglige programområdene på Vg2, med den modellen vi har beskrevet i høyringa?

Fylkesrådmannen meiner at eit kryssløp frå Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram til Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram vil vere ei god ordning for elevane. Det vil gjere at mange av dei elevane som ønskjer å ta yrkesfag, no får eit høve til dette utan at dei må starte på nytt på Vg1. Dette er elevar som har bestemt seg for eit yrkesfag og for læretid i bedrift. Dersom tilbodet blir dimensjonert ut frå kor vi har for lite elevar i forhold til læreplassar, vil eit slikt høve gjere at fleire kjem ut i lære. Fylkesrådmannen stiller seg derfor positiv til alle dei fem punkta i høyringa.

Nasjonale rammer for overgang fra Vg1 studiespesialisering til yrkesfaglige programområder på Vg2

Fastsatt som forskrift av Utdanningsdirektoratet (dato) etter delegasjon i brev av 13. september 2013 fra Kunnskapsdepartementet med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den videregående opplæringen (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Ordningen gjelder fra (dato) og er en del av Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

1. Om ordningen

Forskriften beskriver nasjonale rammer for ordningen med overgang for elever fra Vg1 studiespesialisering til yrkesfaglige programområder på Vg2. Denne ordningen gjør det mulig for elever fra Vg1 studiespesialisering å gå over til Vg2 yrkesfag, og samtidig fullføre opplæringen på normert tid.

Elever som har gått Vg1 studiespesialisering har gjennomført alle fellesfagene tilsvarende Vg1 og Vg2 yrkesfag (476 årstimer) i tillegg til 254 årstimer fellesfag mer enn det elevene på yrkesfag har.

Overgangen fra Vg1 studiespesialisering til Vg2 innenfor yrkesfaglig utdanningsprogram frigjør derfor 196 fellesfagtimer på Vg2. For å oppfylle kravene til fag- og timestfordelingen, er det et krav om at elevene bruker de frigjorte timene (196 årstimer) til yrkesfaglig opphenting.

Elever som følger denne ordningen har ikke hatt opplæring i programfagene på Vg1 (477 timer). Dette kompenseres ved at elevene får et opplæringstilbud på Vg2 der de mest relevante kompetansemålene fra programfagene på Vg1 hentes opp.

De 196 timene elevene henter kompetansemål fra programfagene på Vg1 er et eget fag med navnet yrkesfaglig opphenting. Koden for faget føres på kompetansebeviset etter Vg2 og følges av et vedlegg som viser den lokale læreplanen. Omfanget på den kompetansen eleven skal hente opp må stå i forhold til timetallet i faget (196 årstimer).

Elevene fra Vg1 studiespesialisering følger de ordinære Vg2-læreplanene i programfagene og gjennomfører yrkesfaglig fordypning i Vg2 som de øvrige elevene.

2. Prinsipper for utvikling av en lokal læreplan i yrkesfaglig opphenting

Skoleeier (fylkeskommunen) har ansvar for at det blir utviklet en lokal læreplan for eleven i faget yrkesfaglig opphenting. Denne planen skal beskrive hvilke kompetansemål eleven skal hente opp fra Vg1. Planen skal også beskrive hvordan opplæringen skal organiseres.

Den lokale læreplanen for eleven skal utvikles i samarbeid mellom skolen og lokalt arbeidsliv. Læreplanen i yrkesfaglig opphenting skal ta utgangspunkt i læreplanen for Vg1 i det aktuelle yrkesfaglige utdanningsprogrammet. Kompetansemålene skal være identiske med kompetansemålene på Vg1, og den lokale læreplanen skal inneholde de mest relevante kompetansemålene.

De mest relevante kompetansemålene kan være

- kompetansemål som er rettet direkte inn mot det Vg2-tilbudet eleven har valgt og eventuelt det Vg3-tilbudet eleven sikter seg inn mot.
- kompetansemål fra Vg1 der eleven får en bredere og mer helhetlig forståelse av programområdet.

3. Vurdering

De generelle bestemmelsene om individuell vurdering er fastsatt i forskrift til opplæringsloven kapittel 3.

Det er skolen som har ansvaret for både underveisvurdering og sluttvurdering.

Bestemmelser for sluttvurdering:

Standpunkt karakter

Fag og årstrinn	Ordning
Yrkesfaglig opphenting Vg2	Eleven skal ha en standpunkt karakter i faget.

Eksamen for elever

Årstrinn	Ordning
Yrkesfaglig opphenting Vg2	Eleven skal ikke opp til eksamen i faget.

4. Organisering av opplæringen

Skolen og lokalt arbeidsliv bestemmer når og hvor eleven skal få opplæringen i de yrkesfaglige opphenting. For noen fag kan opplæringen (timene) fordeles jevnt utover i hele skoleåret. For andre fag, der deler av kompetansen fra Vg1 er en forutsetning for å kunne starte opplæring i Vg2, kan skolen periodisere opplæringen (timene).

To eksempler på organisering av yrkesfaglig opphenting (196 årstimer):

- 196 årstimer fordelt med samme timetall hver uke gjennom hele skoleåret.
- Opplæring i uka før skolestart med 26 årstimer og opplæring i høstferien med 26 årstimer. Resten av timene (144 årstimer) fordeles jevnt utover i skoleåret.

Opplæringen i yrkesfaglig opphenting kan gjøres på ulike måter. Eleven/elevene fra Vg1 studiespesialisering kan ha individuell opplæring, eller dersom flere elever har valgt samme programområde i egne grupper, eleven kan delta i deler av opplæringen til Vg1-elevene, de kan være utplassert i bedrift, eller de kan ha en kombinasjon av disse.

Mal for lokal læreplan i yrkesfaglig opphenting

Læreplanen er utviklet av: (navn på skole og samarbeidspartner i lokalt arbeidsliv)

Dato:

Navn på eleven:

Fullført Vg1 (navn på utdanningsprogram)

Elev i Vg2 (navn på programområde)

De nasjonale rammene fastsetter:

- Yrkesfaglig opphenting har et omfang på 196 årstimer.
- Utvalget av kompetansemål og organiseringen av opplæringen bestemmes lokalt av den videregående skolen i samarbeid med lokalt arbeidsliv.
- Den lokale læreplanen skal inneholde
 - de mest relevante kompetansemålene fra Vg1 i det aktuelle utdanningsprogrammet, rettet direkte inn mot det Vg2-tilbudet eleven har valgt og eventuelt det Vg3-tilbudet eleven sikter seg inn moteller
 - kompetansemål som utgjør bredden og helheten i Vg1
- Kompetansemålene skal være identiske med kompetansemålene i den aktuelle Vg1-læreplanen.
- Omfanget på den kompetansen eleven skal hente opp må stå i forhold til timetallet i faget

Utvalget av kompetansemål fra Vg1-læreplanen:

Bestemmelser om sluttvurdering:

Organisering av opplæringen (beskrivelse av organiseringen):

Arkivnr: 2017/1228-4
Saksbehandlar: Hege Bugge Gjerdevik Osebakken

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	29/17	02.05.2017
Utval for opplæring og helse		09.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

Løypemelding: Prosjektet "Auka gjennomføring - fleire ut i lære"**Samandrag**

Fylkestinget gjorde 14.06.2016 slikt vedtak i sak PS 33/2016:

1. Det vert organisert ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatarar ved fem skular
2. Prosjektet skal sjåast i samanheng med komande forskingsoppdrag
3. Det vert løyvd pengar til forsøksordninga i budsjettet for 2017 og 2018
4. Prosjektet skal evaluerast undervegs og rapporterer til Fylkestinget juni 2017
5. Den yrkesfaglege koordinatoren:
 - Etablerer samarbeid med attføringsbedrifter
 - Etablerer samarbeid med opplæringskontora

I sak 33/2016 er det gjort greie for kriterium for kvifor fem skular vart valde ut. Deltakande skular er: Årstad vidaregåande, Stord vidaregåande, Slåtthaug vidaregåande, Sotra vidaregåande og Voss vidaregåande.

Prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» vart starta opp seint i 2016. Utlysing, intervju og tilsetjing i stillingane som yrkesfaglege koordinatarar vart gjort i februar 2017 med tilsetjing frå 1. juni 2017. Det er tilsett ein koordinator i 100 % stilling ved kvar av dei fem utvalde skulane.

For di tilsetjinga av dei yrkesfaglege koordinatarane vart gjort seinare enn skissert i saka, kan det vere ønskjeleg å forlenge prosjektperioden med eitt år, til ut 2019.

Handelshøgskolen BI er i gang med eit forprosjekt til eit forskingsprosjekt der det skal kartleggjast korleis fag- og yrkesopplæringa er organisert frå skuleigar si side og ute på skulane. Gjennom forprosjektet og forskingsprosjektet vil vi vonleg få eit kunnskapsgrunnlag for tiltak som gjer at skuleeigar kan sikre at utdanninga vert eit samanhengande fireårig løp – og ikkje stoggar opp etter to år. Prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» vil gjere seg nytte av resultat frå forskingsprosjektet.

Det vert arbeidd systematisk for å etablere samarbeid med attføringsbedriftene og opplæringskontora.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek saka til orientering og ber om at fylkesrådmannen innan oktober 2017 legg fram ei sak der spørsmålet om behov for forlenging av prosjektperioden vert vurdert.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.04.2017.

Mandat:

Fylkesrådmannen viser til vedtak i sak PS 33/2016 (2016/4866-1) i Fylkestinget 14.06.2016, der det vart fastsett følgjande mandat for prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»:

1. Det vert organisert ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatarar ved fem skular.
2. Prosjektet skal sjåast i samanheng med komande forskingsoppdrag
3. Det vert løyvd pengar til forsøksordninga i budsjettet for 2017 og 2018.
4. Prosjektet skal evaluerast undervegs og rapporterer til fylkestinget juni 2017
5. Den yrkesfaglege koordinatoren:
 - Etablerer samarbeid med attføringsbedrifter i Hordaland.
 - Etablerer samarbeid med opplæringskontora

Innleiing

Fylkestinget har vedteke at fylkesrådmannen i åra 2017 og 2018 kan bruke 4,5 mill. pr år til å styrkje innsatsen knytt til samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Målsettinga er å kunne utvikle gode lokale samarbeidsarenaer og sikre føreseielege løp for den einskilde ungdom.

I denne saka vert det orientert om oppstart og gjennomføring så langt i prosjektet. Prosjektet er forseinka, og det kan difor verte behov for midlar gjennom seinare budsjettvedtak til ei forlenging ut 2019.

Bakgrunn for prosjektet

Hordaland fylkeskommune treng ein tydeleg strategi for korleis ein organiserer arbeidet rundt den einskilde ungdom som byrjar på ei fag- og yrkesutdanning. I dag er dette ikkje tydeleg nok, noko som særleg syner seg i overgangen mellom skule og arbeidsliv. Biletet er ikkje eintydig, men framleis ber fag- og yrkesopplæringa meir preg av at det er to separate utdanningar enn ei heilskapleg fireårig opplæring.

Prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» har som mål å byggje strukturar kring overgangen til læreplass og arbeidsliv som gjer oss mindre avhengig av einskildpersonar. Gode strukturar krev tydelege ansvarliner, gode verktøy og gode oppfølgings- og rapporteringsrutinar. Strukturane som vert utvikla og systematisert i prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære», skal kunne implementerast i alle skulane som driv med fag- og yrkesopplæring. Det skal vere tydeleg korleis Hordaland fylkeskommune arbeider med ei heilskapleg fireårig utdanning for alle som vel yrkesfag. Samstundes er det også eit mål at utdanninga skal stå fram som meir heilskapleg overfor arbeids- og næringsliv.

Prosjektet - så langt

Prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» kom i gang i slutten av 2016:

- Prosjektleder og prosjektmedarbeidar frå fagopplæringskontoret er engasjert i 150 % ressurs
- Dei fem prosjektskulane er besøkt, og prosjektet er presentert for leiinga ved skulane.
- Det vart gjennomført ein kick-off for å markere oppstart av prosjektet. Samlinga gjekk føre seg på Voss, der det var innleiarar frå Utdanningsdirektoratet, Sør-Trøndelag og Vestfold fylkeskommune. Deltakarar var leiargruppa ved dei fem skulane, tilsette frå opplæringsavdelinga og opplæringskontor som er representert i styringsgruppa

- Prosjektgruppe er etablert
- Styringsgruppe er konstituert
- Fem 100 % stillingar som yrkesfagleg koordinator er lyst ut, og intervju og tilsetjing er gjort ved den enkelte skule
- Prosjektplan er vedteken av styringsgruppa

Fag- og yrkesopplæringa byggjer på trepartsamarbeidet, og ei god fag- og yrkesopplæring er avhengig av eit godt samarbeid mellom partane, noko som inneber at samhandling, truverde og forplikting vert viktig i prosjektet. For skuleeigar er det viktig at dette prosjektet er godt og tydeleg forankra hjå arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantane. Styringsgruppa for prosjektet har sterkt innslag frå partane i arbeidslivet og aktørar som er medeigarar av opplæringsordninga innan yrkesfag.

Styringsgruppe

Styringsgruppa er sett saman med dette i tankane og har følgjande medlemmer:

- Sissel Øverdal (leiar), opplæringsavdelinga
- Linda Farestveit, opplæringsavdelinga - seksjon skule
- Rolf Arve Haugstvedt, rektor Årstad vidaregåande skole
- Atle Rasmussen, LO
- Mads Kleven, LO
- Rita Jordal, LO
- Sølvi Olrich Sørebo, KS
- Morten Mjeldheim, OKEL
- Inge Bauge, Byggmestrenes Servicekontor

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa består av rektor eller rektor sin representant ved kvar av dei fem skulane. Koordinatorane vil inngå i prosjektgruppa når dei tek til i stillinga.

Om gjennomføring av prosjektet

Felles forståing for kva det er ein yrkesfagleg koordinator skal arbeide med og kva kompetanse denne fagpersonen bør ha, er definert i forkant av utlysing og tilsetjing. Det er vidare planlagt å ha ein felles oppstart for dei fem nye yrkesfaglege koordinatorane med intern opplæring. Gjennom prosjektet skal det utviklast felles arbeidsorganisering for dei fem yrkesfaglege koordinatorane.

Voss vidaregåande skule er den minste skulen men får ein yrkesfagleg koordinator i 100 % stilling på lik line med dei andre skulane i prosjektet. Yrkesfaga står sentralt på Voss, og begge skulane på Voss tilbyr yrkesfag. Stillinga som yrkesfagleg koordinator på Voss vgs skal ha heile indre Hordaland som sitt satsingsområde. Dei fire andre skulane er tildelt ei heil stilling kvar. Det er lagt vekt på at alle er store yrkesfagskular med fleire yrkesfaglege utdanningsprogram og monaleg breidde i programfaga på Vg2.

Skuleåret strekkjer seg frå august til juni, og det vert arbeidd administrativt med formidling heile året. Hovudtyngda av arbeidet med formidling til læreplass er gjennomført innan utgangen av oktober, to år etter at eleven starta på Vg1. Ein del av oppdraget i prosjektet er at ein skal ivareta dei elevane som søker læreplass som ikkje er formidla til lære pr. 15. august. Desse elevane skal handterast av avgjevarskulen. I fyste omgang byrjar skuleeigar med dei fem prosjektskulane. Dette er tidlegast mogleg hausten 2017, og ein vil difor truleg trenge også 2019 for å sikre eit føremålstenleg system. Endring og etablering av nye og varige strukturar tek tid.

Samanheng med forskingsoppdrag

- Handelshøyskolen BI arbeider med kvalitativ og kvantitativ informasjonsinnhenting
- Forskningsrapporten vil ta utgangspunkt i sju av dei vidaregåande skulane i Hordaland
- Forskningsoppdraget vert dokumentert i ein delrapport
- Handelshøyskolen BI vil konstruere ein modell med sikte på å prøve ut ein ny måte å drive fag- og yrkesopplæring på
- Nyskaping og innovasjon skal eventuelt testast ut under kontrollerte forhold

Forventa resultat

Handelshøyskolen BI ser for seg at ein eventuell intervensjon etter forskingsoppdraget «Gjennomgang av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland» vil kunne få organisatoriske konsekvensar. Dette kan t.d. dreie seg om å leggje formidling ut på skulane fast, dvs. at fleire oppgåver som i dag ligg på seksjon fagopplæring, vert desentralisert. Handelshøyskolen BI ser for seg ein modell der det innhaldsmessige i utdanningane vil kunne spissast tidlegare, og at ein slik modell med meir ansvar ute på skulane vil gje meir robuste skular.

Ei fag- og yrkesutdanning startar på Vg1, og elevens reise fram til fag- eller sveinebrev tek mellom 4 og 5 år. Dei fyrste åra i skulen er heilt avgjerande for den enkelte ungdom med tanke på korleis dei neste to til tre åra blir, der opplæringa skjer ute i bedrifter.

Erfaringar frå BI-prosjektet vil truleg styrkje oss med tanke på å nå målet om å gjere løpet meir føreseieleg for ungdom som startar på ei fag- og yrkesopplæring. Ungdomar som vel fag- og yrkesutdanning, skal kunne vere trygge på at utdanninga kan fullførast med fag- eller sveinebrev. Det er heilt avgjerande for prosjektet at dette ikkje stoggar opp midt i ein prøveperiode.

Resultatmåling

Fag- og yrkesopplæringa følgjer ein hovudmodell som er fireårig. Prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» vil kunne måle eit visst resultat på dei prosjektskulane som er med, i løpet av to år. Det tek tid å få etablert og endra eit system, og å få til varige systematiske endringar er krevjande. Når prosjektgruppa med yrkesfagkoordinatorane over tid har fått til endring og nye varige strukturar, vil ein kunne sjå ein større effekt med tanke på formidling og å få fleire ut i lære.

I evalueringa hausten 2018 vil relevante funn og bidrag frå begge prosjekta bli presentert.

Økonomi

Dersom prosjektet ikkje får midlar ut over 2018, vil dette bety at prosjektet ikkje kan halde på i meir enn 1 ½ skuleår. Med utgangspunkt i erfaringar frå Sør-Trøndelag, som viser at det tek tid å få på plass samarbeid mellom skule og arbeidsliv, er det ikkje ønskjeleg med ein for kort prosjektperiode. Som tidlegare nemnt, har Yrkesopplæringsnemnda peika på at det vil ta meir enn to år før ein kan måle effekt av prosjektet.

For å sikre prosjektet ein minimumsperiode med to heile skuleår, medrekna heile formidlingsperioden i 2019, har ein behov for ei løyving på 4,6 mill. også for 2019.

PS 30/17 Ymse